

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Orienteringar:

Presentasjon v/ seksjonsleiar skule Linda Farestveit: Om dialog med skulane om tilstandsvurdering og oppfølging av arbeidet med auka gjennomføring – skulebesøk våren 2018.

Mari-Kristine Morberg, mobbeombod i Hordaland: Årsrapport 2017 for mobbeombodet.

Sigrid Isdal: Rapport frå elev- og lærlingeombodet 2017.

Emil Gadolin (A) sette fram følgjande bestilling:

«Ber om at administrasjonen kommer tilbake til utvalget til førstkommande møte juni 2018 med en avklaring på hvordan den nyinnførte reisetidsgarantien blir tolket og praktisert av administrasjonen. Denne bestillingen skal også belyse hvordan administrasjonen har gjort informasjon om reisetidsgarantien kjent for ungdommer i målgruppen, ungdomskolene og andre relevante grupper og instanser.»

Emil Gadolin (A) sette fram følgjande bestilling:

«Ber om at administrasjonen kommer tilbake til utvalget med en redegjørelse for oppfølging av tilrådingene i årsrapporten til mobbeombudet og elev- og lærlingeombudet.»

Fylkesdirektøren opplæring minna OPHE om at det snart kjem innkalling til ei samling mellom HFK og kommunane i Hordaland 23. august. Som oppfølging av HFKs deltaking i KS sitt barnehage- og skuleeigarprogram inviterer fylkesordføraren til denne samlinga. Det er ordførarar og rådmenn som er i målgruppa. I fylkeskommunen er Anne Gine Hestetun vertskap, og ho inviterer medlemmer i OPHE, gruppeleiarar i fylkestinget og representantar for opplæringsavdelinga. Set av dagen 23. august!

Svar på spørsmål frå Tor Andre Ljosland

Representanten Tor André Ljosland (KrF) sende 21.03.2018 dette spørsmålet til Utval for opplæring og helse:

«Hvor stor andel av lærerne i opplæringssektoren har innvandrerbakgrunn, og tilsvarende blant rektorene?»

Spørsmålet vart ikkje teke opp i møtet 17.04.2018, men vil bli stilt formelt i møtet 15.05.2018.

Fylkesrådmannen har utarbeidd eit førebels svar:

A) »**Kor stor del av lærarane har innvandrarbakgrunn?**

Registrering av personopplysningar i HFKs system (Extens, HR-portalen) skil ikkje mellom personar som er fødde i Norge eller i eit anna land. Den einaste opplysninga som gjev informasjon om ulik bakgrunn, er registrert nasjonalitet.

Tabellen under viser tal årsverk per nasjonalitet for lærarar (pedagogisk personell). Tilsetjingsforhold per 01.05.2018 er lagt til grunn.

Nasjonalitet	Årsverk
Belgia	1,0
Colombia	0,7

Danmark	6,1
Estland	1,0
Frankrike	1,9
Italia	1,0
Latvia	1,0
Nederland	3,0
Norge	2066,7
Polen	3,7
Russland	1,9
Serbia	0,6
Spania	1,0
Storbritannia	7,8
Sverige	5,0
Tsjekkia	1,0
Tyskland	5,2
Ungarn	0,8
Usa	3,8
Østerrike	1,0
Totalsum	2114,1

Dersom vi skal få fram innvandrerbakgrunn av første og andre generasjon uavhengig av nasjonalitet, må den enkelte skule leggje fram opplysningar etter den kjennskapen til individuell bakgrunn som finst lokalt.

b) Kor stor del av rektorane har innvandrerbakgrunn?

Registrerte opplysningar svarar til dei som finst for lærarar. På grunn av at vi har god uformell oversikt over kva bakgrunn rektorane våre har, kan det likevel svarast presist på dette spørsmålet. Det er ingen av rektorane som har innvandrerbakgrunn.»